


Melding om vedtak

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO



Vår ref:
2011/300-8

Sakshandsamar:
Tallak Hoslemo, ☎ 37938500

Arkivkode:
232

Dato:
05.07.2011

Høyringsuttale - Minimums og maksimumsverdiane for eidegdomsskatt på kraftanlegg.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret i Bykle meiner at reglane om minimums- og maksimumsverdiar i eidegdomsskattelova § 8, fjerde ledd må fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren.

Kommunestyret sin uttale byggjer i hovudsak på følgjande forhold:

- Eidegdomsskattelova sin intensjon og nedfelte takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige minimums- og maksimumsverdiar som både gjev ein ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
- Vasskraftanlegg bør likestillast med andre store utbyggingar innan olje og gass.
- Ordninga i dag hindrar vertskommunane i å få sin rettmessige del av ei framtidig auka verdiskaping.
- Kommunane vil ha auka skepsis til eventuelle nye utbyggingar dersom dagens ordning vert oppretthalde.
- Eidegdomsskattelova sine maksimums- og minimumsverdiar skal ikkje nyttast som ei fordelingsordning mellom kommunane.
- Eidegdomsskatteordninga skal framleis vere ein rein kommunal friviljug skatteart utan føringar på maksimums- og minimumsverdiar.

Justeringa av kapitaliseringsrenta bør skje i kombinasjon med fjerning av maksimums – og minimumsverdiane.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av kapitaliseringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsverdiane for å få ei eidegdomstaksering som samsvarar med intensjonen i eidegdomsskattelova.

Saksprotokoll i Formannskapet - 28.06.2011

Behandling:

Saka vart drøfta

Olav Mosdøl sa seg ugild i saka som tilsett i Otra Kraft AS.

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Postadresse:
4754 Bykle

Telefon: 37 93 85 00
Telefaks: 37 93 85 01
Epost: postmottak@bykle.kommune.no

Bankgiro: 2835 20 00266
Skatt: 7855 05 09414
Org.nr: 958 814 968



Saksprotokoll i Kommunestyre - 30.06.2011

Behandling:

Saka vart drøfta

Olav Mosdøl sa seg ugild i saka som tilsett i Otra Kraft AS.

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Med helsing



Tallak Hoslemo
Rådmann

Postadresse:

4754 Bykle

Telefon: 37 93 85 00

Telefaks: 37 93 85 01

Epost: postmottak@bykle.kommune.no

Bankgiro: 2835 20 00266

Skatt: 7855 05 09414

Org.nr: 958 814 968